



Melding frå Universala Esperanto Asocio i høve den internasjonale dagen for morsmål 21. februar 2024.

På denne internasjonale dagen for morsmål fremjar me kor viktig det er med ulike språk og opplæring på mange språk. Språklege rettar er grunnlaget for rettvisе og livskraftige samfunn fordi språk er hjartet i det daglege livet med omsyn til identitet, kulturarv og samspel. Språk er grunnlaget for alle dei andre menneskerettane.

Det er viktig å verna om og fremja språk, for med språk overfører ein synet på og oppfatningane om verda, og ein tek vare på lokale og tradisjonelle kulturar og kunnskapar. Unesko meiner at 40 % av dei som bur på jorda diverre ikkje får opplæring på det språket dei pratar eller skjønar. Samstundes vert fleire og fleire språk borte.

I våre meir og meir mangfaldige samfunn, og med ideen om eit verdsomfattande samfunn som omfattar alle menneska, må spørsmålet om språk prioriterast. Faktisk er språk det ufråvikelege grunnlaget for å skjønna og samarbeida. Slik er språklege rettar tett knytte til demokrati og røyndleg felles avgjerder om felles problem.

Me held fram verdien av ei verd med mange språk slik Unesko vil: Opplæring i morsmål og mange språk på alle nivå og interkulturell opplæring. Slik vonar me at fred, utvikling og menneskerettar skal verta røyndom for alle menneske, utan nokon slags skilnad med omsyn til rase, hudfarge, kjønn, språk, religion, politikk eller annan kategori; nasjonalt eller sosialt opphav, eigedom, fødsel eller nokon anna utgangspunkt.

Gjennom språk deler me dei menneskelege eigenskapane våre med kvarandre. Me bruker og fremjar språk, òg det internasjonale språket esperanto, til å setja desse prinsippa og verdiane ut i livet. Til å feira solidariteten mellom menneske med ulike morsmål inviterer me positivt innstilte til den 109. verdskongressen på esperanto i Arusha, Tanzania frå 3. til 10. august 2024.